



**ØY  
GARD  
EN**

- eit fyrtårn i vest

## Kontakt oss!

Medlemane i eldrerådet representerer alle eldre i kommunen, og ønskjer såleis å vite kva som rører seg og kvar skoen trykker for dei som dei representerer.

Dersom du har ei sak du meiner kan av vere av interesse for rådet, eller ønskjer å diskutere noko du er oppteken av, er du velkommen til å ta kontakt.

Merk at rådet ikkje kan ta opp saker som vedkjem einskildpersonar, og alle saker må gjelde kommunale tilhøve.

### Leiar:

Egil Haaland 928 96 477

### Nestleiar:

Berit Anita Knudtsen Larsen 951 67 692

### Medlem:

Kari Johnsen 994 10 929

Øyvind Strandheim 997 99 496

Elna Nybakk 924 66 192

Jan Utkilen 941 53 303

Gunn Glimsdal 932 21 140

Linda Hellesund 988 63 144

Johnny Eide 413 05 375

Du kan også ringe sentralbordet på 56 16 00 00 og spørje etter eldrerådet sin sekretær.

**Copyright Øygarden kommune 2024**

Tekst: Marielle Solheim v/eldrerådet

Grafisk utforming: Monica Hovland

Foto: Mostphotos, Colourbox, Sotra Øygarden Turlag,  
Vigleik Brekke og Monica Hovland.

**OYGARDEN.KOMMUNE.NO**



**ØY  
GARD  
EN**

- eit fyrtårn i vest

## Eldrerådet

### Informasjon om eldrerådet i Øygarden kommune



Dei eldre sitt talerøyr inn i  
kommunepolitikken.

**OYGARDEN.KOMMUNE.NO**

## Kva er eldrerådet?

Eldrerådet er eit av tre lovpålagte kommunale medverknadsorgan, og skal vege opp for at eldre ofte er underrepresenterte i folkevalde organ. Formålet er å sikre at synspunkt frå eldre vert varetekne i kommunale avgjersler.

Rådet er eit rådgjevande organ for kommunen i alle saker som vedkjem eldre. Det vil seie at rådet har rett til å uttale seg, både på eige initiativ og i saker dei får tildelt. Slike uttalar skal følgje saksdokumenta til det kommunale organet som fattar vedtak i dei einskilde sakene.

Saker som vedkjem eldre famnar bredt, og kan til dømes vere, men er ikkje avgrensa til, saker som omhandlar helse og omsorg, budsjett, plan, samferdsel, og kultur og friluftsliv.

## Samansetning av eldrerådet

Øygarden eldreråd har ni medlemar, samt varamedlemar, som alle er valde av kommunestyret for valperioden 2023 - 2027.

Nytt eldreråd vert valt hausten etter at kommunestyre- og fylkestingsvalet er gjennomført. Organisasjonar som representerer eldre har rett til å fremje kandidatar, men kommunestyret kan også velje medlemar utanom desse forslaga.

Rådet vel sjølv leiari og nestleiari.




Eldrerådet 2023 - 2027.

## Møte i eldrerådet

Møta er offentlege og opne for alle. Leiari kan opne for munnlege innspel frå tilhøyrarar i første del av møta. Dette gjeld for innspel om kommunale tilhøve som gjeld eldre.

Som hovudregel vert møta haldne på rådhuset på Straume i Foldnesvegen 1, fem minutt frisk gange frå Sartor senter og Straume buss-terminal. Næraste busstopp er Storhilleren. Oppdatert tid og stad finn du i møteinkallinga som vert lagt ut på nettsidene ei veke før møtet finn stad.



## Finn fram på nettsidene

Møtekalender, møteinkallingar, møteprotokollar og kontaktinformasjon til rådsmedlemane ligg på nettsidene til Øygarden kommune: [oygarden.kommune.no](http://oygarden.kommune.no). Trykk på rubrikken «politikk», trykk så på rubrikken «møteplan», og trykk så på teksten «Eldrerådet (ER)».

Treng du hjelp til å finne fram, kan du ringe sentralbordet. Dersom du ønskjer å skrive ut noko på papir, kan du få hjelp på biblioteka.